



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3144 - 19/36341

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2019

Løyve til etablering av slamavskiljar og leidningstrasé - gbnr 129/25 Titland søndre

Administrativt vedtak. Saknr: 733/19

Tiltakshavar: Helge Fosse
Ansvarleg søkjar: Stendal Vvs AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar og leidningstrase fram til eksisterande privat leidningstrase for avløp som går til sjø.

Søknaden omfattar nadusynt grunn- og terrengarbeid i samband med etablering avleidningstrase og nedsetting av slamavskiljar. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar og søkand om dispensasjon frå det generelle plankravet i kommuneplanen sin arealdel for 2019-2023 (KPA).

Det vert elles vist til søknad mottaken 19.11.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.11.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for 2019-2031 er definert som fritidsbusetnad. Det er på plankartet for området teikna inn byggegrense mot sjø.

Eigedomen er bebygd med fritidsbustad og uthus. Omsøkt tiltak medfører ikkje auka belastning på eksisterande infrastruktur.



Administrasjonen si vurdering er at tiltaket kjem inn under pkt. 2.2.1 i føresegna til KPA 2019-2031 og at tiltaket ikkje krev dispensasjon slik som omsøkt.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Øvrige naboar som ikkje er varsla gjennom nabovarsling er orientert om tiltaket ved at det er inngått private avtalar om rett til etablering, drift og vedlikehald av leidningstrase over rørde eigedommar. Kommunen krev ikkje yttarlegare varsling av tiltaket jf. pbl. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.10.2019. Kommunen legg til grunn at slamavskiljaren vert plassert minst 4 meter frå tilgrensande naboiegdommar.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i administrativt vedtak saksnr. 729/19 datert 05.12.19. Utsleppsløyve gjeld ei utviding av eksisterande utslepp for fritidsbustad på eigedom gbnr 129/25, utsleppet er opplyst til å vere 3 pe.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av slamavskiljar og leidningstrasé.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre tinglyst privat avtale til etablering av avløpsleidning over eigedom gbnr. 129/81, avtalen er tinglyst 12.09.2019 med doumentnr. 1066000 og gjev gbnr. 129/25 rett til å etablere kloakkleidning over gbnr. 129/81, samt å føre tilsyn med leidningen og utføre naudsynt reparasjon.

Det ligg føre tinglyst privat avtale til etablering av avløpsleidning over eigedom gbnr. 129/4 og 3, avtalen er tinglyst 12.09.2019 med doumentnr. 1066014 og gjev gbnr. 129/25 rett til å etablere kloakkleidning over gbnr. 129/81, samt å føre tilsyn med leidningen og utføre naudsynt reparasjon.

Det ligg føre tinglyst privat avtale til etablering av avløpsleidning over eigedom gbnr. 129/12, avtalen er tinglyst 12.09.2019 med doumentnr. 1065987 og gjev gbnr. 129/25 rett til å etablere kloakkleidning over gbnr. 129/81, samt å føre tilsyn med leidningen og utføre naudsynt reparasjon.

Det ligg og føre avtale om tilkobling til kloakkleidning mellom rørde heimelshavarar som nyttar felles leidning gbnr. 129/12, 17, 76, 81 og gbnr. 129/25 avtala omfattar og plikt til vedlikehald mm. Avtalen er tinglyst 04.10.2019 med dokumentnr. 11722784.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av slamavskiljar og leidningstrase for eigedom gbnr 129/25 fram til eksisterande trase som går til sjø. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 17.10.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til eksisterande privat avløpsleidning i samsvar med utsløppsløyve i administrativt vedtak saknr. 729/19 datert 05.12.19, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag

på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/3144

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Fosse	Kråkenestoppen 48	5153	BØNES
Helge Fosse	Kråkenestoppen 48	5153	BØNES
Stendal Vvs AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Stendal Vvs AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND
----------------	--------------	------	-----------